

Årsmelding for 2021, OIL friidrettsgruppa

Det kjem oppdatert årsmelding etter årsmøtet.

Styret i 2021

Leiar:	Sigbjørn Reigstad (2021)
Nestleiar:	Bjarte Vik (2020-2021)
Skrivar:	Herdis Helle (2021-2022)
Kasserar:	Ingri Mjelde Birkeland (2020-2021)
Styremedlem:	Tore Hannisdal (2020-2021)
Styremedlem:	Marianne Feidje Mjelde (2021-2022)
Styremedlem:	Karoline Loftås (2021-2022)
Styremedlem:	Ole Johannes Mjøs (2021-2022)

Styret har ikkje hatt varamedlemer.

Valnemnd: Helga Reigstad (leiar), Mats Eirik Elvik og Bjarte Lohne.

Arbeidet til styret og andre engasjerte

Styret har i 2021 hatt tre styremøte og handsama 11 saker. Ut over møta har det vore kontakt elektronisk etter behov, med kjapp og klar respons frå styremedlemmane. Styret meiner at denne arbeidsmåten har fungert bra, for både å fortløpande ta unna mindre saker samt unngå unødig møteslitasje på medlemmane. Bakdelen med denne arbeidsmåten er at avgjersler i mindre grad blir protokollførte, men det sitjande styret meiner fordelane er større enn ulempene.

Som aktiviteten i resten av samfunnet, har aktiviteten i styret og friidrettsgruppa vore prega av Covid-19-pandemien og i 2021. Det har dog vore litt betre forhold for aktivitet enn i året før, og ein fekk gjennomført ein del arrangement og treningane har i hovudsak kunne vore gjennomført på ein god måte. Men dei varierande og usikre restriksjonane har gjort at ein mindre grad enn ønskeleg har kunne lagt ned ressursar i arrangement over tid, då ein ikkje har visst kva reglar som gjaldt på den aktuelle datoen.

Dei tyngste og viktigaste taka i gruppa er det trenarane som tar, veke ut og veke inn i all slags vær. At dei gjer ein solid jobb viser både tallet på ungdommar og vaksne som stiller på treningane, og ikkje minst resultatane som blir oppnådd på ulike nivå. Styret vil takka dei trufaste trenarane for at dei heldt aktiviteten i gruppa oppe, og gjennom tida med pandemi.

Det har dei siste åra vore eit ønskje frå styret å fordela arbeidet i friidrettsgruppa på fleire personar då dei som er trenarar og i stor grad har måtte bidra på den administrative og dugnads sida. Våren 2020 vart det difor sett ned tre undergrupper; rekrutteringsnemnd, arrangementsnemnd og sosialnemnd. Det har grunna covid-19 ikkje vorte noko fart i arbeidet i nemndene, så det ligg eit uforløyst potensiale dersom ein får desse til å fungera.

Økonomi

Styret viser til rekneskap som føreligg som eige dokument.

Økonomien til gruppa har vore god gjennom 2021, mykje takka vera gode sponsorinntekter frå lokale bedrifter.

Representasjon:

Sigbjørn Reigstad deltok på kretstinget 2021.

Prisar

Årets utøvar vart Trygve Feidje Mjelde, Stimulansepremie til Aslak Monstad og Mirjam Mjelde.

Årsfest

Grunna Covid-19-restriksjonar vart planlagt årsfest i desember utsatt, med ny dato i mars.

Trenarar i 2021 (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Mats-Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Karl Johan Reigstad (trenar 2, sprint/hekk, langdistanse, kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Marianne Feidje Mjelde

Paul Bruvik

Dommarar og startarar:

Inge J. Reigstad (FD/FS), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løvteit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Bjarte Vik (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KD), Torbjørn Simmenes (KD), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Sigrid Borge (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD), Per Ole Mostrøm (KD)

Ein del av desse er ikkje med i idrettslaget lenger, men er i «reservetroppen».

Å få noverande aktive, i både ung og vaksen alder, til å ta dommarkurs er nødvendig om gruppa skal ta på seg større arrangement i framtida.

Sportsleg aktivitet i 2021-sesongen

Rekruttar

Friidrettsgruppa har ikkje hatt noko tilbod for dei aller yngste i 2021. Gruppa har i utgangspunktet ønskt ein felles idrettsskule/allidrett for born i aldersgruppa 6-9 år. Eit slikt opplegg vart diskutert på eit møte med hovudstyret og representantar for gruppestyra i 2021, men dette fekk ikkje nok tilslutning.

Gutar og jenter 10-13 år

Friidrettsgruppa har hatt faste treningar måndagar på friidrettsbana ved Hatland. I vintersesongen har denne treninga vore kombinert med innandørstrening i idrettshallen. Det har vore stabilt oppmøte med 5-8 stk. på kvar trening. I tillegg har det hausten/vinteren 2021/2022 vore faste treningar i Leikvanghallen onsdagar, der òg med stabil oppslutning 4-7 utøvarar.

Hovudtrenarar for gruppa har vore Helga Reigstad og Mats-Eirik Elvik.

På grunn av situasjonen med Covid, har det vore lite deltaking på konkurransar.

Rekrutteringa av nye utøvarar er relativt låg og bør vera eit fokusområde i åra framover. For tida er det ingen jenter med i gruppa.

Marianne Fedje Mjelde hadde nokre treningar på idrettsbana i Haus om våren, og det vart halde to stevne i Haus med god deltaking av born.

Gutar og jenter 14-19 år

2021-sesongen vart også ein sesong prega av korona om enn i noko mindre grad enn året før.

Ein del stevne tidleg i sesongen vart avlyst, men det meste av banesesongen vart gjennomført om enn med strenge publikumsrestriksjonar.

Det store nye stjerneskotet på jentesida i 2021-sesongen vart Nora Bergan. Ho stilte til start på OM i terrengløp i Hosanger i april og gav allereie då antydning om eit spesielt løpstalent. Ho har sidan det forbetra seg i løp etter løp heilt fram til hovud-NM då sjukdom sette henne ut av spel. Tilsaman 4 NM medaljar raska ho med seg etter nokre månader med spesifikk friidrettstrening, noko som er ganske spesielt. Etter sesongen vart ho tatt ut til juniorlandslaget U20 for 2021. Nora sette elles «uoffisiell» kretsrekord på engelsk mile, men dessverre svikta tidtakinga på Arna IP. Trenarane klokka ho inn på 4.59,6.

Nora måtte finna seg i å dela rampelyset med ein gjeng framstormande gutar på om lag same alder. Magnus Reigstad fekk endelig den store framgangen i lengde. Plutseleg kom heile ketchup-flaska og forbetring med over ein halv meter til sterke 7,14 etter ein sesong med mange 7-metershopp. Dette gav 2 NM medaljar i favorittøvinga. Magnus hadde ein liknande sesong i 2018 med tilsvarande framgang. I dei tre sesongane i mellom har det gått tråare, noko som viser at tolmod ofte betaler seg.

Dagfinn Gjerstad viste i 2021-sesongen at han har planer om å gjera eldrebror Magnus rangen stridig som familiens løparess. Dagfinn fekk med seg 3 NM-medaljar i løpet av sesongen og viste seg som ein distanseløpar med stort potensiale både på bane og i terreng trass i ein del

skadeplunder i starten av sesongen. Med fantastiske 5.31,71 på 2000m under UM i Trondheim sette han lagsrekord for senior.

Vegard Trefall viste også lovande takter i sesongen som gjekk. At han skulle springa 800m på 1,58 og 400m på 52sek hadde vel dei færraste rekna med før sesongen starta. Synd at UM kolliderte med konfirmasjon, men det kjem nok fleire sjansar for Vegard som nok hadde vore i medaljekampen der.

Noah Raknes har òg trena flittig og hatt fin framgang på lange løp i løpet av sesongen. Dette gav bl.a. tur til Trondheim og deltaking i ungdoms-NM.

Aslak Monstad har konkurrert og trena flittig i året som gjekk. Saman med Eirik Reigstad er han den som har delteke i flest forskjellige baneøvingar. Dette resulterte bl.a. i ein bronsemedalje i ungdoms-NM på 2000m hinder.

Nemnde Eirik hadde fin framgang og deltok på Lerøy-leikane i Haugesund for Hordaland sitt kretslag.

Torbjørn Liabø kan òg nemnast for ei fin tid på 100m på 12.28 i 15-årsklassen.

Torstein Mastervik har trena saman med Osterøy-gjengen i sesongen som gjekk og hatt fin framgang. I 2022 deltek han for Osterøy IL.

Trenarar for denne gruppa er Arna Reigstad, Bjarte Lohne og Bjarte Vik.

Junior U23 og senior

Trygve Feidje Mjelde (f. 1994) var vår beste senior i 2021. Med 3.46,98 sette Trygve ein solid ny lagsrekord på 1500m. Han kvalifiserte seg til finalen og vart her nr. 9 under Hovud-NM i Kristiansand. Trygve sette også solide personlege rekordar på 3000m med 8.15,12 og på 5000m med 14.26,85. Her er han nr. 2 på lagsstatistikken gjennom tidene, og potensialet for framtidige lagsrekordar på desse distansane er stort. Under NM terrengløp i Bergen fekk Trygve ein svært gledeleg og sterk 5. plass.

Markus Loftås (f. 1994) hadde også ein svært god sesong og oppnådde sterke personlege rekordar med 800m 1.54,38, 1500m 3.50,30, 3000m 8.18.32 og 5000m 14.45,50. Dessverre fekk Markus ein kneskade rett før Hovud-NM i september. Han gjennomgjekk ein meniskoperasjon i haust som førte til alternativ trening heile vinteren 2021/22.

Jonas Lillejord (f. 1998) fekk trent godt, men ein del skadeplagar medverka til at det ikkje vart så mange konkurransar. Sine beste resultat fekk Jonas om hausten med 32.56,47 på 10 000m og 1.10,52 i Sørfjorden halvmaraton. Fysioterapistudenten bur no i Bergen og satsar på dei lengste løpa opp til maraton.

Dessverre blei 2021 ein sportsleg nedtur for Trondheims-studenten Magnus Gjerstad (f. 2000). I 2020 sprang han godt under kravet til U23-EM på 10 000m, og i 2021 har han vore på junior-landslaget U23. Magnus fekk ikkje trent optimalt på grunn av ein langvarig skade under foten, og tida 30.17,18 i kvalifiseringsløpet i juni heldt ikkje til EM-uttak. No har han trappa ned på satsinga, men me har godt håp om å få sjå meir til Magnus i friidrettsmiljøet åra som kjem.

Allsidige Marianne Feidje Mjelde (f. 2001) kom sterkt tilbake etter kne-operasjon og fokuserte mest på mellomdistanseløp i 2021. Gjennom heile sesongen utfordra Marianne 5-minuttsgrensa på 1500m, og det var svært kjekt då ho lukkast på Hatland i september med

4.56,6. Marianne fekk også gode resultat også i kast. Spesielt imponerte med 32,19 i diskos – nesten utan teknisk trening. Det gjev andreplass på OIL-rankinga gjennom tidene. Kravet til Hovud-NM er 36,00.

Kjetil Stokke (f. 1991) deltok i ein del kastkonkurransar, og med 50,55 i spyd var han vår beste mannlege kastar. Av andre seniorar gjorde Martin N. Mjøs (f. 1997) eit gledeleg comeback på lange løp.

I serien var Osterøy nyopprykka til 2. divisjon menn. Me var definitivt med i kampen om opprykk til landets øvste nivå, men endte nokre få poeng bak Ask. I 3. divisjon for kvinner vart Osterøy nr. 48. Største poengsankarar vart Magnus Reigstad og Nora Bergan.

Ved inngangen til 2022-sesongen har Osterøy IL 4 kontraktsutøvarar som har klart kravet til Hovud-NM. Dette er Trygve Feidje Mjelde, Markus Loftås, Magnus Reigstad og Nora Bergan. Det er grunn til å håpa på at fleire kvalifiserer seg i løpet av året.

Veteranar

Det er spesielt lange løp som fengjer veteranane våre. Team Batti har eit tilbod og miljø som mange trivst med, og det er relativt mange som legg ned mykje trening. Desse deltek hovudsakleg på gateløp og lokale banestevne. Nivået i 2021 var såpass jamnt at ein enten må nemna alle eller ingen.

Under NM for veteranar i Førde, kapra John Bernes fire gull i MV 75 til 79 år. I same klassen fekk Arne Mjelde gull og bronse, så spør det om opprykket til MV 80-84 kan inspirera Arne i 2022.

Under NM terrengløp kort løype på Storetveit tok Mirjam Mjelde gull og Bjarte Vik bronse. Kollisjon med Sørfjorden Halvmaraton gjorde at Osterøy berre hadde fire veteranar med.

I veteranserien plasserte kvinnene seg som nr. 6 i 1. divisjon, medan menn veteran vart nr. 7 i 1. divisjon. John Bernes og Helga Reigstad vart største poengskårarar.

Medlemsstal for 2021

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	5	42	9	29	85
Menn	0	7	42	15	67	131
Totalt 2021						
<i>Totalt 2020</i>	0	5	28	9	73	115
<i>Totalt, 2019</i>	0	15	35	8	75	133
<i>Totalt, 2018</i>	0	40	50	11	75	180
<i>Totalt, 2017</i>	0	50	40	12	80	182

Medlemsutvikling

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kvinner	?	?	113	108	102	85	76	75	51	40	85
Menn	?	?	126	116	121	119	106	105	82	75	131
Totalt	262	270	239	224	223	204	182	180	133	115	216

Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar

Dei viktigaste målsetjingane til gruppa har dei siste åra vore ordna økonomi, leggja til rette for aktivitet tilpassa den enkelte sine egne ambisjonar og aktivt bidra til folkehelse gjennom arrangement retta mot mosjonistar.

Styret i Osterøy IL, friidrettsgruppa vil takka aktive, trenarar, funksjonærar, sponsorar og alle andre som har stilt opp for gruppa i 2021

Statistikk og tal:

Osterøy IL/Friidrett Sesongen 2021

sist oppdatert 27.1.2022 (delar av oppsettet til bruk for årsmelding 2021)

Friidrettsesongen og seriane har ulike tidsperiodar: Jenter og Gutar 1.11.2019 – 10.10.2020, Senior 1.11.2019 - 31.10.2020 og Veteran 1.1. – 31.12.2021. Sentralt vert inneresultat ført 1.7. til 30.6. året etter. **Frå 2022 skal no også seniorseriane følgja kalenderåret. Resultat for senior 1.11.-31.12-2021 vil då vera «serilause». Inneresultat frå 1.1.2022 vil også verta teljande i seniorseriane frå 2022.**



Rehabiliteringa av Osterøy Stadion starta i april og var ferdig i august. 2020. Tildeling av tippemidlar vart ikkje innvilga i 2021. Tidtakaranlegget er også erstatta med heilt nytt anlegget 2020. I 2021 er det også skaffa trådløs start. Det er trong for at fleire får opplæring i bruk av det elektroniske tidtakaranlegget.

Grasmatta har og hatt ein god sesong med pleie av gras og vanndyser. Dette er eit samarbeid mellom fotball og friidrett. Det er krevjande med all transport av gras m.m. I haust var det demo av sjølvgåande grasklippar. Kjøp vert venteleg avgjort våren 2022. Dette vil også vera ei betydeleg investering.

Dei tradisjonell stafettane som Osterøy deltek på vart avlyst i 2021 p.g.a. Corona. (Fristafetten og Askstafetten)

I 2021 er fleire terminfesta arrangement avlyst grunna Corona. M.a. hopp u.t. Haus nov.2020 og i Osterøyhallen januar 2021. Hopp u.t. i Osterøyhallen i mars vart gjennomført, men med liten deltaking. Dei 2 banestevna i Haus har god deltaking i dei yngste klassane med totalt 162 resultat. Dei fleste som deltek har ikkje aktivt medlemskap i Osterøy IL.

På Osterøy Stadion er det arrangert 3 HTB kaststevne med 85 resultat og 5 HTB karusellstevne med 183 resultat.

Eigne idrettsarrangement i kalenderåret. Sum deltaking/resultat i parantes.

Haustrimmen som er nedlagt er arrangert i 33 sesongar og med 510 personar som registrerte deltakarar. Sumarkarusellen er dei 2 sesongane registrert med 98 deltakarar. Sumarkarusellen er nedlagt m.a. grunna sviktande deltaking i 2021. Arrangementet er i tillegg krevjande med inntil 4 grindar, beitande dyr og badeaktivitet. Deltakinga i 2020-21 er påverka av corona.

		2022 planlagt	2021	2020	2019	2018
Terrensløp		0	0	0	0	0
Testløp		0	0	0	0	0
Brakvatnet barneløp	Brakvatnet	1	1 (10)	1 (20)	1 (17)	1 (12)
Brakvatnet Halvmaraton	Brakvatnet	1	1 (12)	1 (24)	1 (43)	1 (21)
Brakvatnet Halvmaraton stafett lag	Brakvatnet	1	1 (20)	1 (25)	1 (15)	1 (10)
Sumarkarusell ny frå 2020	Brakvatnet	nei	4 (13)	4 (133)		
Vinterkarusell	Brakvatnet	4 (1avlyst)	5 (38)	5 (77)	4 (55)	4 (18)
Valestrandmarka jul og nyttår	Furubakken	2	avlyst	2 (25)	2 (55)	2 (54)
Valestrandmarka	Furubakken	9	9(231)	9 (181)	9 (338)	11 (324)
Haustrimmen	Haus idrettsplass	nei	6(34)	6 (33)	6 (59)	9 (64)
Serie	Haus idrettsplass	2	2(162)	1 (64)	2 (50)	2 (83)
Hopp u.t.	Haus skule	1	1(20)	0	1 (24)	1 (20)
Stemmeseggi Opp	Mjeldalen	0	0	0	1 (50)	1 (37)
Karusell kaststevne	Osterøy Stadion	3	3(85)	1 (13)		1 (7)
Karusell vanleg	Osterøy Stadion	5	5(183)	1 (42)	4 (261)	4 (231)
Osterøy3ar (3000m, barneløp og andre øv)	Osterøy Stadion	2	2(135)	1 (111)	2 (175)	0
Rekrutt	Osterøy Stadion					1 (18)
Spydstevne	Osterøy Stadion					1 (8)
Tinestafett lag	Osterøy Stadion			0	1 (41)	
Ungdomsleker (2 dager)	Osterøy Stadion					1 (708)
Hopp u.t.	Osterøyhallen	2	1(17)	1 (32)	2 (38)	2 108)
Hopp u.t.	Valestrand skule	0	0	0	0	1 (31)
Bjarte Viks Eliteløp	Vik	0	0	0	1 (64)	1 (60)

Deltaking i poenggjevande øvingar i hopp u.t. og banestevne inne og ute:

Deltakarar med aktivt medlemskap og lisens

	Lisens	1 eller fleire øvingar	5 eller fleire øvingar	10 eller fleire øvingar	Utøvarar med 1000p og meir ulike øvingar
2021	35	37	14	3	4
2020	32	39	10	1	2

Deltaking i poenggjevande øvingar i hopp u.t. og banestevne inne og ute:

Deltakarar med og utan lisens og aktivt medlemskap

	Lisensar	1 eller fleire øvingar	5 eller fleire øvingar	10 eller fleire øvingar	Utøvarar med 1000p og meir ulike øvingar
2021	35	96	19	3	4
2020	32	93	16	1	2
2019	33	95	18	3	4
2018	32	120	41	6	10
2017	30	113	42		
2016	37	142	57		
2015	43				
2014	49				

Det vart 4 lagsrekordar i 2021.

7,14	Magnus	Reigstad	2003	lengde	Bislett	210612	857
5,31,79	Dagfinn	Gjerstad	2006	2000m	Trondheim	210905	xxx
3,46,98	Trygve Feidje	Mjelde	1994	1500m	Bislett	200903	875
4,59,6*	Nora	Bergan	2004	1 eng mile	Arna idr park	200812	xxx

* Nora Bergan sprang 1 engelsk mil på 4,59,6 i Arna. Diverre svikta elektronisk tidtaking i tillegg til at det ikkje var backuptidtaking. Manuell tid 4,59,6 vart teken av våre trenarar. Tida ville også ha vorte registrert som kretsrekord om tidtakinga ikkje hadde svikta i Arna.

I tillegg er det sett fleire alders besteresultat.

Desse har oppnådd 1000 poeng denne sesongen (ulike øvingar)

5,31,79	Dagfinn	Gjerstad	2007	2000m	Trondheim st	210905	1149
4,08,60	Dagfinn	Gjerstad	2007	1500m	Arna Idrettspark	210811	1079
2,03,31	Dagfinn	Gjerstad	2007	800m	Trondheim st	210904	1012
7,14	Magnus	Reigstad	2003	lengde	Oslo/Bislett	210612	1068
35,38	Magnus	Reigstad	2003	300m	Arna idr park	210705	1064
22,43	Magnus	Reigstad	2003	200m	Fana st	210512	1018
50,79	Magnus	Reigstad	2003	400m	Lillehammer	210626	1008
9,45,51	Nora	Bergan	2004	3000m	Fana st	210918	1067
17,16,60	Nora	Bergan	2004	5000m	Arna Idrettspark	210811	1056
4,35,39	Nora	Bergan	2004	1500m	Ravnanger	210731	1021
1,58,76	Vegard Høylo	Trefall	2006	800m	Fana st	210918	1094
52,39	Vegard Høylo	Trefall	2006	400m	Arna Idrettspark	210811	1076
4,12,98	Vegard Høylo	Trefall	2006	1500m	Fana st	210818	1049

Mest poeng i serien 2021 på 1. laga

MS 3706p Magnus Reigstad 5 resultat

KS 3025p Nora Bergan 4resultat

MV 5404p John Bernes 8 resultat pr. 24.11.

KV 3118p Helga Reigstad 7 resultat pr. 24.11.

Gutar 7711p Magnus Reigstad 8 resultat

Jenter 4148p Nora Bergan 4 resultat

OF 2021 (statistisk opplysning) 5 beste resultat

MS 3706p Magnus Reigstad, KS Helga Reigstad 1602p

MV 3617p John Bernes, KV Helga Reigstad 2763p

Gutar 5125p Magnus Reigstad, Jenter 4129p Nora Bergan

Medaljefangsten (meisterskap) 2021:

bronse	35,93	Arne	Mjelde	1942	200m	Førde	210626	mv75-79	NM vet
gull	83,43	Arne	Mjelde	1942	400m	Førde	210627	mv75-79	NM vet
bronse	7,39,03	Aslak	Monstad	2004	2000m hi	Trondh st	210904	g-17	UM
bronse	12,3	Bjarte	Vik	1969	3km	Fana/Storetveit	211002	mv50-54	NM terreng kort
bronse	13,17	Dagfinn	Gjerstad	2006	4km	Oslo/Vidar	211010	g-15	NM terreng lang
bronse	5,31,59	Dagfinn	Gjerstad	2006	2000m hi	Trondh st	210905	g-15	UM
gull	6,24	Dagfinn	Gjerstad	2006	2km	Fana/Storetveit	211002	g-15	NM terreng kort
gull	26,80	John	Bernes	1944	sp500	Førde	210627	mv75-79	NM vet
gull	13,51,70	John	Bernes	1944	3000m	Førde	210625	mv75-79	NM vet
gull	3,01,31	John	Bernes	1944	800m	Førde	210626	mv75-79	NM vet
gull	5,54,29	John	Bernes	1944	1500m	Førde	210627	mv75-79	NM vet
bronse	7,14	Magnus	Reigstad	2003	lengde	Trondh st	210903	g18/19	UM
sølv	6,09	Magnus	Reigstad	2003	lengde	Ravnanger	210730	u-20	NM junior
bronse	9,52,48	Nora	Bergan	2004	3000m	Ravnanger	210801	u-20	NM junior
sølv	2,15,00	Nora	Bergan	2004	800m	Trondh st	210905	j-17	UM
sølv	9,50,58	Nora	Bergan	2004	3000m	Trondh st	210903	j-17	UM
sølv	7,18	Nora	Bergn	2004	2km	Fana/Storetveit	211002	j-17	NM terreng kort

Resultat til seriane har i mindre grad vore prioritert ved stevnedeltaking og dermed rekordmange nedrykk. Ved deltaking i fleire øvingar, kan og mange «gratispoeng» sikrast. Manglande lisensar og aktivt medlemskap er og medverkande til svake serieplasseringar.

Statistikken for 2021 er også delt på deltakarar med og utan lisens og aktivt medlemskap.

Jenter pr. 10.10. kretsserien

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Elite 50 res						
1.div. 40 res			32 23686p nr 10 ned	38 30093p nr 5	40 30999p nr 5	38 31145 nr 4
2.div. 30 res		10 6779p nr 9 ned				28 16991 nr 9 ned
3.div. 25 res	13 8618p nr 5		12 4500p nr 9 ned	25 14170p nr 5	25 14713 nr 4	20 10998 nr 7
3.div. 25 res					20 8351 nr 10 ned	
4.div. 20 res		Ingen res ned	Ingen res ned	10 4776 nr 7	6 3536 nr 6	12 4993 nr 6
4.div. 20 res			Ingen res ned	6 3999 nr 8	6 2875 nr 7	6 4028 nr 7
4.div. 20 res				6 3909 nr 9 ned		
5.div. 15 res		Ingen res	Ingen res	4 2469 nr 10		4 2564 nr 18
5.div. 15 res				4 2404 nr 11		4 2480 nr 19
5.div. 15 res				4 2286 nr 15		4 2408 nr 20
5.div. 15 res				4 2092 nr 17		

Gutar pr. 10.10. kretsserien

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Elite 60 res				59 47910 nr 8 ned		
1.div. 50 res			46/50 35251 nr 10 ned		50 41998 nr 2 opp	46 39507 nr 5
2.div. 40 res	40 31243p nr 1 opp	32 21889p nr 7	30/40 14491 nr 10	37 22466 nr 7	39 26339 nr 4	37 25224 nr 5
2.div. 40 res				33 17819 nr 9 ned		37 22079 nr 10 ned
3.div. 30 res		Ingen res ned	12 5392 nr 8	22 11500 nr 8	30 18282 nr 2 opp	30 15088 nr 6
3.div. 30 res		Ingen res ned	2 426 nr 9 ned		30 15662 nr 5	
4.div. 25 res	19 9054p nr 5	Ingen res ned		13 6626 nr 9 ned	25 10796 nr 3	25 9586 nr 6
4.div. 25 res	5 1815p nr 9 ned					
5.div. 20 res		Ingen res	Ingen res	6 4095 nr 14	19 7016 nr 6	20 5867 nr 15
5.div. 20 res				6 3969 nr 15	16 5525 nr 9	13 4651 nr 19
5.div. 20 res				6 3859 nr 17	13/ 4161 nr 14	10 4207 nr 20
5.div. 20 res				6 3736 nr 18	6 3581 nr 17	6 3754 nr 22
5.div. 20 res				6 3515 nr 21	6 3467 nr 18	6 3671 nr 23
5.div. 20 res				6 3425 nr 23		
5.div. 20 res				6 3234 nr 24		
5.div. 20 res				6 3037 nr 25		

Kvinner senior landsserien

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
3. div 20	14 8316p nr 44	12 5402p	20 11320 nr 13 av 121	18 10013 nr 28 av 131	19 10744 nr 22	17 9835 nr 29/140
3. div.20		Ingen res	10 2332	10 1872	9 2086	10 2750

Menn senior landsserien (2022 skal denne serien følgja kalenderåret. Inne øvingar vil og teleja)

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
2.div 25	25 16804p nr 5 (17379)		25 15273 nr 11 ned	25 15847 nr 8 av 14	25 15601 nr 10	
3.div 20	11 5091p nr 85 (6922)	20 13862p opp	19 6766 nr 99 av 153	17 7455 nr 71 av 134	17 6816 nr 91	20 14270 nr 1/147 opp
3.div 20	10 2977p nr x	13 6872p	12 3278	13 4188	14 3463	19 8699 nr 55/147
3.div 20		4 1948	8 1493			17/ 5763 nr 133/147
3.div 20		4 1735				
3.div 20		3 939				

Kvinner veteran landsserien (serien går til 31.12.)

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
1.div 15	11 5788p nr 6 (12 6713)		10 3375 (3982) nr 8 ned	15 7132 nr 7 v 10		15 7118 nr 8/10 ned
2.div 10		9 5346p nr 1 opp			10 4948 nr 1 av 10 opp	
4.div 10	(2 737 nr.27)	(6 1570 nr. 13)				

Menn veteran landsserien (serien går til 31.12.)

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
1.div 20	20 12305p nr 7 (20 12395)	19 12104p nr 8	20 141114 nr 7	20 14166 nr 7 av 20	20 14091 nr 6 av 20	20 13636 nr 9/20
2.div 15		6 3634p nr. 17 ned	11 6096 (6827) nr 11	13 6880 nr 14 av 20	14 8487 nr 12 av 20	12 6767 nr 15/20
3.div 15	9 3801p nr 10 (9 4960)					
4.div 10	(4 2166 nr. 66)	3 1487p nr 101	4 1963 (2024) nr97	6 2837 nr 56 av 249	6/ 3072 nr 44 av 210	4 1692 nr 114/230
4.div 10	(4 1944 nr. 76)	(nr. 126)	1531p nr 119		2 812 nr 158 av 210	
4.div 10	(4 1489 nr. 100)	(nr. 193)	841p nr 168			
4.div 10			293p nr 240			

Osterøy IL/Friidrett ÅRSPREMIAR oversikt fleire år

Mest poeng serien og OF lenger nede. Oppdatert 10.11.21

ÅR	GUTAR Stimulanse	JENTER stimulanse	SENIOR stimulanse	ÅRETS UTØVAR
2021				
2020				
2019			Per Ole Mostrøm	Trygve F Mjelde
2018		Anniken Mjelde		Sigrid Borge
2017	Fredrik S Blichfeldt	Marianne Feidje Mjelde		Sigrid Borge
2016	???	Ingvild Martinsen	Muse Okube	Sigrid Borge
2015	???	Annelin Lunde	Ikkje utdelt	Sigrid Borge
2014	Kristoffer Vikne	Ikkje?	Ikkje?	Sigrid Borge
2013	Ikkje?	Ikkje?	Markus Markmanrud	Martin L Kåstad
2012	Ikkje utdelt	Ikkje utdelt	Ikkje utdelt	Markus Loftås
2011	Trygve F Mjelde	Siri Hauge	Elise Vikne	Markus Loftås
2010	Stig A Langeland	Ingeborg Vårdal	Jan R Solberg	Hilde Aasheim
2009	???????????	???????????	????	Martin Loftås Kåstad
2008	Erlend Mjøs	Kristine Mjøs	Øivind Bernes	Martin Loftås Kåstad
2007	Martin L. Kåstad	Sara Nonås Langhelle	Hilde Aasheim	Ida Margrethe Lampe
2006	Kjetil Stokke	Aina Marie Løkkevik	Eli L. Simmenes	Brit-Helen Simmenes
2005	Andreas Varberg	Elise Vikne	Bente R. Midtun	Helga Reigstad
2004	Stian B. Johannessen	Karoline Loftås	Annette Bru	Brit-Helen Simmenes
2003	Espen N. Mjøs	Maren Lampe	Ann Christin Reigstad	Helga Reigstad
2002	Anders Flæsland	Ida M. Lampe	Arne Mjelde	Brit-Helen Langeland
2001	Ingen?	Elin Simmenes	Torbjørn Simmenes	Brit-Helen Langeland
2000	Yngve Reigstad	Ingvild Solvang	Brit-Helen Langeland	Helga Reigstad
1999	Torbjørn Simmenes	Monica Tvedt Sæbø	Jørgen Ommedal	Bjarte Vik
1998	Jørgen Ommedal	Lillian H. Reigstad	Sigbjørn Reigstad	Helga Reigstad
1997	Kristoffer Reigstad	Ingrid Kleppe	Harald Simmenes	Bjarte Vik
1996	Espen Bruvik	Solveig Mo	Kjetil Loftås	Helga Reigstad
1995	Jan Roar Solberg	Kristin Aasheim	Marianne Kallekleiv	Bjarte Vik
1994	Sigbjørn Reigstad	Åshild Håland	Stein Ove Hagenes	Helga Reigstad
1993	Eirik R. Aasheim	Katrine Grønås	Helga Reigstad	Arne Mjelde
1992	Dag R. Aasheim	Frøydis Bergheim	Bjarte Lohne	Frode Bergheim
1991	Åsmund Varden	Beate R. Normann	Frode Langhelle	Frode Bergheim
1990	Roald Bergheim	Hjørdis Aasheim	Mats E. Elvik	Einar Vevle
1989	Terje Simmenes	Åse Bergheim	Geir Atle Mjelde	Ingen?
1988	Frode Bergheim	Gunn Bergheim	Arne Reigstad	Ingen?
1987	Rune Strømsnes	Helga Reigstad	Bjarte Vik	Ingen?

	Poeng 1.lag Gutar	Poeng 1. lag menn S	Poeng 1. lag veteran M	Poeng 1.lag Jenter	Poeng 1. lag kvinner S	Poeng 1. lag veteran K
2021	Magnus Reigstad (7711/8)	Magnus Reigstad (3706/5)	John Bernes (5404/8)	Nora Bergan (4118/4)	Nora Bergan (3025/4)	Helga Reigstad (3118/7)
2020	Magnus Reigstad (4813/6)	Magnus Gjerstad (3528/4)	Øyvind Bjordal (4376/5)	Celina Arbakke (4407/6)	Mirjam Mjelde (1422/3)	Mirjam Mjelde (2183/3)
2019	Magnus Reigstad (5722/6)	Kjetil Stokke (2672/5)	John Bernes (4960/7)	Marianne Feidje Mjelde (6740/9)	Marianne Feidje Mjelde (2950/5)	Randi Kleppe (959/2)
2018	Magnus Reigstad (7570/8)	Magnus Gjerstad (3595/5)	John Bernes (3457/5)	Marie Mostrau (6877/8)	Marianne F Mjelde (2889/5)	Helga Reigstad (2920/5)
2017	Magnus Reigstad (10655/12)	Trygve F Mjelde (3066/4)	John Bernes (4058/6)	Marie Mostrau (4623/5)	Sigrid Borge (2817/4)	Helga Reigstad (2567/4)
2016	Frank Odin Niyokindi (7732/8)	Trygve F Mjelde (3806/5)	John Bernes(6976/10)	Marie Mostrau (5191/6)	Sigrid Borge (2738/4)	Randi Kleppe (3709/9)
2015	Sondre L Kåstad (5966/6)	Sondre L Kåstad (3782/5)	John Bernes (6620/9)	Marianne Feidje Mjelde (4947/6)	Sigrid Borge (3053/5)	Helga Reigstad (3723/7)
2014	Kristoffer Vikne (7774/9)	Martin L Kåstad (3940/5)	John Bernes (4220/7)	Marianne Feidje Mjelde (4548/5)	Sigrid Borge (3064/5)	Helga Reigstad (3495/6)
2013	Markus Loftås (7940/8)	Martin L Kåstad (4030/5)	John Bernes (3699/5)	Sigrid B Reigstad (8251/10)	Hilde Aasheim (3872/5)	Helga Reigstad (3475/6)
2012	Markus Loftås (9197/9)	Markus Loftås (4013/5)	Arne Mjelde (5352/7)	Sigrid B Reigstad (8137/10)	Hilde Aasheim (3926/5)	Eli Simmenes (3077/5)
2011	Markus Loftås (12390/12)	Markus Loftås (3928/5)	Johan Bergesen (3962/5)	Marianne F Mjelde (5897/7)	Hilde Aasheim (3717/5)	Bente R Midtun (5601/7)
2010	Markus Loftås (16076/16)	Martin L. Kåstad (3732/5)	John Bernes (3655/5)	Sigrid Bru Reigstad (6183/8)	Hilde Aasheim (3605/5)	Bente R Midtun (5031/6)
2009	Markus Loftås (15904/16)	Martin L. Kåstad (3810/5)	John Bernes (4039/5)	Sigrid Bru Reigstad (5564/7)	Bente R Midtun (3022/5)	Bente R Midtun (5631/6)
2008	Vebjørn Borge (16364/17)	Martin L. Kåstad (3627/5)	Øivind Bernes (4543/5)	Sigrid Borge (9014/11)	Helga Reigstad (3021/5)	Bente R Midtun (4568/5)
2007	Vebjørn Borge (15369/16)	Bjarte Vik (3345/5)	Arne Mjelde (4170/5)	Sigrid Borge (7121/9)	Ida Lampe (3185/5)	Bente R Midtun (4471/6)
2006	Markus Loftås (12423/13)	Bjarte Vik (3426/5)	John Bernes (5069/7)	Sigrid Borge (9815/11)	Brit-Helen Simmenes (3822/5)	Bente R Midtun (3680/5)
2005	Markus Loftås (11859/12)	Bjarte Vik (3672/5)	Harald Simmenes (4190/5)	Sigrid Borge (10717/12)	Ida Lampe (3260/5)	Bente R Midtun (4510/6)
2004	Markus Loftås (12128/11)	Mats E Elvik (3042/5)	Arne Mjelde (4826/6)	Ida Lampe (9998/10)	Helga Reigstad (3040/5)	Randi Kleppe (1528/3)
2003	Markus Loftås (6015/8)	Sigbjørn Reigstad (3317/5)	Arne Reigstad (4320/6)	Ida Lampe (9939/11)	Helga Reigstad (3103/5)	Ann Chr Reigstad (2159/5)
2002	Stian B. Johannessen (6961/8)	Sigbjørn Reigstad (3183/5)	Arne Mjelde (5047/6)	Monica T. Sæbø (8102/10)	Brit-Helen Langeland (4234/5)	Randi Kleppe (2099/6)
2002 gamal tabell		Terje Simmenes (3332/5)	Arne Mjelde (4881/6)		Brit-Helen Langeland (4379/5)	Randi Kleppe (3184/7)
2001	Martin L. Kåstad (7063/9)	Sigbjørn Reigstad (3422/5)	Arne Mjelde (4045/5)	Monica T. Sæbø (9543/11)	Brit-Helen Langeland (4015/5)	Randi Kleppe (3957/8)
2000	Torbjørn Simmenes 6560/8	Bjarte Vik 4288/5	John Bernes 4735/6	Monica T. Sæbø 10240/12	Brit-H Langeland (3714/5)	Randi Kleppe 4473/8

	<p>OF 2021 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3706p Magnus Reigstad, KS Helga Reigstad 1602p MV 3617p John Bernes, KV Helga Reigstad 2763p Gutar 5125p Magnus Reigstad, Jenter 4129p Nora Bergan</p>
<p>OF 2020 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3099p Øyvind Bjordal, KS ingen MV 4376p Øyvind Bjordal, KV ingen Gutar 4769p Magnus Reigstad, Jenter 3927p Celina Arbakke</p>	<p>OF 2019 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3094p Magnus Reigstad, KS 2948p Marianne F Mjelde MV 4090p Øyvind Bjordal, KV ingen Gutar 4909p Magnus Reigstad, Jenter 4160p Marie Mostrau</p>
<p>OF 2018 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3595p Magnus Gjerstad, KS 3164p Marie F Mjelde 2889 MV 3521p John Bernes, KV 2042p Randi Kleppe Gutar 5013p Magnus Reigstad, Jenter 4843p Marie Mostrau</p>	<p>OF 2017 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 2899p Kjetil Stokke, KS 3164p Marie F Mjelde 2544 MV 3279p John Bernes, KV 2170p Randi Kleppe Gutar 4985p Frank Odin Niyokindi, Jenter 4623p Marie Mostrau</p>
<p>OF 2016 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3804p Trygve F Mjelde, KS 3164p Sigrid Borge MV 3893p John Bernes, pr. 15.10. KV 2919p Helga Reigstad pr. 15.10. Gutar 5075p Frank Odin Niyokindi, Jenter 4408p Margarita Solberg</p>	<p>OF 2015 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3782p Sondre L Kåstad, KS 3053p Sigrid Borge MV 4315p Øyvind Bernes, KV 2940p Helga Reigstad (t.o.m.31.10.2015) Gutar 5070p Sondre L Kåstad, Jenter 4563p Margarita Solberg</p>
<p>OF 2014 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3921p Martin L Kåstad, KS 3077p Sigrid Borge MV 4220p Øyvind Bernes, KV 3096p Helga Reigstad Gutar 5085p Sondre Loftås Kåstad, Jenter 4548p Marianne Feidje Mjelde</p>	